



MØTEBOK

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Førde - Scandic Sunnfjord Hotel og Spa
Møtedato	12.06.2018
Kl.	10:00

År 2018, 12. juni kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde kommune.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 11. mai 2018. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representanten Alfred Bjørlo hadde meldt forfall til dag 1 av tingseta. I hans stad møtte 3. vararepresentant Klaus Arne Iversen. Fylkestinget godkjende forfallet til Bjørlo.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SENTERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmeseter
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Karin Sande
Erlend Haugen Herstad

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Harald Bjarte Reite
Karianne Torvanger
Henrik Oppen
Odd Atle Stegegjerdet
Senea Sabanovic

HØGRE:

Noralf Distad
Sonja Merethe Øvre-Flo
Bjørn Erik Hollevik
Anne Kristin Lilleaasen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Marita Gunn Aarvik

VENSTRE:

Gunhild Alis Berge Stang
Klaus Arne Iversen

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob André Sandal

MILJØPARTIET DE GRØNNE:

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Erlend Haugen Herstad og Åshild Kjelsnes vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene 10 - 31/18 var sendt ut 5. juni 2018 og sak 32/18 var sendt ut 11. juni 2018.

I tilknyting til godkjenning av saklista sette Frank Willy Djuvik, Framstegspartiet, fram slikt forslag: «Fylkesutvalssak 61/18 vert sett opp som sak på saklista til Fylkestinget.» 16 representantar røysta for framlegget, medan 15 røysta mot. Sidan meir enn 1/3 av dei møtande medlemene motsette seg framlegget, kom saka ikkje på saklista, jf. kommunelova § 34 nr. 1, andre setning.

Saklista vart deretter godkjend.

Ordførar i Førde kommune, Olve Grotle, helsa fylkestinget.

Ungdomspolitisk utval (UPU), v/leiar Kamilla Rivedal, nestleiar Lisa Horpen, Mari Dale Salbu og Thor Albrektsen, orienterte fylkestinget om arbeidet til UPU.

Fylkesordføraren heldt tale til fylkestinget. Det vart avvikla debatt om fylkesordføraren sin tale.

Sakene vart handsama i den rekkjefølgja som framgår under, med unntak av at sak 13/18 vart handsama etter sak 25/18, dvs. som første sak på dag 2 av tingseta.

Henrik Oppen fekk permisjon 12. juni frå kl. 11.20 til kl. 13.25.

Stein Faleide Malkenes fekk permisjon 12. juni kl. 17.25, og deltok ikkje ved avrøystinga i sak 25/18.

Fylkestinget tok pause 12. juni kl. 17.35, etter handsaminga av sak 25/18, og heldt fram 13. juni kl. 09.00.

Alfred Bjørlo, Venstre, møtte på dag 2 av tingseta.

SAK 10/18 Årsmelding 2017 - Kontrollutvalet

VEDTAK:

Årsmelding 2017 for kontrollutvalet vert teken til orientering.

SAK 11/18 Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i SF-revisjon IKS

Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
2. Om fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF-revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt endringsframlegg til punkt 1:

Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling til fellesnemnda om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Avrøyting:

Tilrådinga frå kontrollutvalet, og endringsframlegget frå Framstegspartiet, vart samråystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling til fellesnemnda om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
 2. Om fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF-revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020.
-

SAK 12/18 Forvaltningsrevisjon av innkjøp - Tilleggsbestilling

VEDTAK:

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
 2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.
-

SAK 13/18 Fylkestinget sitt årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS

VEDTAK:

Fylkestinget tek orienteringa frå Sogn og Fjordane Energi AS til vitande.

SAK 14/18 Søknad om fritak frå politiske verv - Tore Storehaug - suppleringsval

VEDTAK:

Tore Storehaug får fritak frå vervet som 1. varamedlem til fylkestinget for resten av valperioden.

SAK 15/18 Forskrift om fleksibilitet i fag- og timefordeling i vidaregåande opplæring innan utdanningsprogram for Bygg- og anleggsteknikk ved Stryn vidaregåande skule i Sogn og Fjordane

Frå hovudutval for opplæring låg det føre slik tilråding til vedtak:

Forskrifta vert vedteken slik den ligg føre i saksframstillinga.

Endringsframlegg:

Fylkestinget sette fram slikt framlegg til vedtak:

Myndet til å gjere vedtak om forskrift om fleksibilitet i fag - og timefordeling i vidaregåande opplæring for skuleåret 2019-20 vert delegert til hovudutval for opplæring.

Avrøysting:

Tilrådinga frå hovudutval for opplæring, og tillegget frå fylkestinget, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Forskrifta vert vedteken slik den ligg føre i saksframstillinga. Myndet til å gjere vedtak om forskrift om fleksibilitet i fag - og timefordeling i vidaregåande opplæring for skuleåret 2019-20 vert delegert til hovudutval for opplæring.

SAK 16/18 Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2017

Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkestinget tek årsmeldinga frå arbeidet i Regionalt forskingsfond til vitande.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

I samband med etableringa av Vestland fylke og at det samtidig blir ny region for Regionalt forskingsfond Vestlandet, bør det gjennomførast ei evaluering av korleis vi har brukt ordninga og korleis vi strategisk kan bruke ho endå betre for å nå måla våre. Fylkestinget meiner det er naturleg at styret for RFF Vestlandet følgjer opp saka ved t.d. å knyte til seg ekstern kompetanse.

Avrøyting:

Tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur, og tillegget frå Kristeleg Folkeparti, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkestinget tek årsmeldinga frå arbeidet i Regionalt forskingsfond til vitande.

I samband med etableringa av Vestland fylke og at det samtidig blir ny region for Regionalt forskingsfond Vestlandet, bør det gjennomførast ei evaluering av korleis vi har brukt ordninga og korleis vi strategisk kan bruke ho endå betre for å nå måla våre. Fylkestinget meiner det er naturleg at styret for RFF Vestlandet følgjer opp saka ved t.d. å knyte til seg ekstern kompetanse.

SAK 17/18 Årsmelding skuleåret 2017/2018 Elev- og lærlingombodet

Frå fylkesordføraren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Årsmelding for skuleåret 2017/2018 frå elev- og lærlingombodet vert teken til orientering.

Endringsframlegg:

Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre, Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber om ei sak til budsjetthandsaminga på fylkestinget i desember 2018 der vi får utgreia første punkt under "Utfordringar framover" i årsmeldinga til Elev- og lærlingombodet. "Rabatt på kollektivtransport også for lærlinger".

Avrøyting:

Tilrådinga frå fylkesordføraren, og tillegget frå Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre, Arbeidarpartiet og Senterpartiet, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Årsmelding for skuleåret 2017/2018 frå elev- og lærlingombodet vert teken til orientering.

Fylkestinget ber om ei sak til budsjetthandsaminga på fylkestinget i desember 2018 der vi får utgreia første punkt under "Utfordringar framover" i årsmeldinga til Elev- og lærlingombodet: "Rabatt på kollektivtransport også for lærlinger".

SAK 18/18 Rekneskapen 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017, som syner kr 2 156 242 478,00 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 44 695 025,37, vert godkjent.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2017 på kr 44 695 025,37 vert avsett til bufferfondet. Midlane vert førebels øyremerka til eigenkapital til nytt opplæringsfartøy.

Endringsframlegg:

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å gjere nærmare greie for korleis rekneskapen for fylkesvegar vert kvalitetssikra.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Venstre fekk 11 røyster, og vart dermed forkasta.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017, som syner kr 2 156 242 478,00 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 44 695 025,37, vert godkjent.
 2. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2017 på kr 44 695 025,37 vert avsett til bufferfondet. Midlane vert førebels øyremerka til eigenkapital til nytt opplæringsfartøy.
-

SAK 19/18 Årsrapport 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

Årsrapport 2017 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

SAK 20/18 Justert eigaravtale Innovasjon Norge 2018

VEDTAK:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane stør forslag til endringar i eigaravtala for Innovasjon Norge
 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir fylkeskommunal eigargruppe i oppdrag å utarbeide forslag til avtale om ivaretaking av det fylkeskommunale eigarskapet i Innovasjon Norge.
-

SAK 21/18 Eigarstrategi for felles eigarskap mellom NFD og fylkeskommunane

VEDTAK:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt eigarstrategi som grunnlag for oppfølging av det administrative arbeidet med Innovasjon Norge.

SAK 22/18 Innføring av EU sin mobilitetspakke trugar seriøs norsk transportnæring

VEDTAK:

Fråsegn:

Kabotasje er transport mellom stader i eit anna land enn der transportøren høyrer heime. Etter Yrkestransportloven er kabotasje i utgangspunktet forbudt i Norge. Men i praksis foregår det i stort omfang, både i lovleg og ulovleg form. Ein utenlandsk transportør kan bare frakte gods eller personar mellom to stader i Noreg dersom det er spesielle grunner for det. Men transportørar fra EØS-området har likevel adgang til å utføre midlertidig kabotasje i Norge.

Med dei reglane vi har i dag gir dette EØS-transportører lov til å køyre inntil tre innenlandske oppdrag i løpet av sju dager. Frå 2015 har det også vært fullt lovleg å køyre inn i Noreg med ein tom pall for å ta kabotasjeoppdrag, viss dette skjer når ein har lossa gods i eit anna EU-land (f.eks. Sverige) og i løpet av dei sju dagane kabotasjekjøring i dette landet er tillatt. I praksis vil utanlandske vogntog kunne køyre ei uavgrensa mengde oppdrag i ei veke, ta helgekvilen på Svinesund for så å køyre tilbake over grensa for ei ny køyreveke.

Både Norsk Transportarbeiderforbund og Norges Lastebileierforbund har gjentatte gonger påvist korleis kabotasjereglane fører til sosial dumping, utbredt kriminalitet og ei alvorlig reduksjon av tryggleiken lags vegane våre. Kabotasjekjøringa i EU/EØS er blitt synonymt med sosial dumping, kriminalitet og trafikkulukker.

Sjølv om transporten har allmenngjort ei "minstelønn", vil dei norske arbeidstakerane likevel tape i den konkuransen sidan dette beløpet er betydeleg lågare enn det som er vanleg gjennom dei lokale forhandlingane i bedriftene. Samstundes er det ingen tvil om at det òg er mange brot på denne minstelønna. I ein omfattande kontroll som Arbeidstilsynet gjennomførte 2016 og 2017 viste det seg at sju av ti sjåførar frå utanlandske transportselskap hadde ulovlege lønsvilkår.

I vinter blei ein litauisk sjåfør vinka til sides i Sogn og Fjordane. Sjåføren blei kjempeglad for å bli "tatt" i kontrollen, og kunne umiddelbart vise kontrollørane avvik på alt frå bremser, køyretid, dekk og kjettingar. For han var kanskje dette den einaste sjansen han hadde for å få sjefen sin til å rette opp i nokre av manglane. For traileren var ikkje trygg å køyre. Traileren var heller ikkje trygg å møte.

Dersom EU sin mobilitetspakke (også kalla vegpakke) blir vedteken, så kan det forverre situasjonen. Dei nye EU-reglane legg opp til uavgrensa tal kabotasjeoppdrag innafor fem dagar. I praksis vil utanlandske vogntog kunne køyre ei uavgrensa mengde oppdrag i ei veke, ta helgekvilen på Svinesund for så å køyre tilbake over grensa for ei ny køyreveke.

Med dei utfordringane som er omtala over ser fylkestinget det som uaktuelt at det blir innført eit regelverk som skapar eit frislepp for utenlandsk transportnæring i Noreg.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar Stortinget om å reservere seg mot det nye kabotasjeregelverket som ligg i mobilitetspakka til EU

SAK 23/18 Flytting av endestopp for Sognebåten. Ev. styrka rutetilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
2. Rutetilboden mellom Flåm og Balestrand vert ikkje styrka, jf. saksframstillinga.

Endringsframlegg:

Høgre fremja Høgre sitt framlegg frå fylkesutvalet:
Sognebåten får endestopp Flåm frå 01.10.2019

Avrøyting:

Framlegget frå Høgre fekk 5 røyster og vart dermed forkasta.
Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 26 røyster og vart vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
 2. Rutetilboden mellom Flåm og Balestrand vert ikkje styrka, jf. saksframstillinga.
-

SAK 24/18 Fv. 60 Storelva bru i Utvik - val av løysing

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Ny Storelva bru i Utvik vert bygd ihht til vedlagde forprosjekt, utan fortau. Prosjektet vert gjennomført som eit større vedlikehaldsprosjekt.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å fastsette endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan, då basert på vedteken reguleringsplan. Tiltaket vert finansiert ved tildelte skjønnsmidlar frå KMD (til oppattbygginga), samt ved uttak frå fylkeskommunen sitt eige skadefond for uføresette hendingar på fylkesveg. Den endelege fordelinga mellom desse to postane vil avhenge av tiltaket sin endelege kostnad.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til endring i punkt 1, første setning:
Ny Storelva bru vert bygt i samsvar med vedlagde forprosjekt, med fortau på ei side.

Avrøyting:

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti om endring i punkt 1 fekk 6 røyster, og vart dermed forkasta.
Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 25 røyster og vart vedteken.
Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Ny Storelva bru i Utvik vert bygd ihht til vedlagde forprosjekt, utan fortau. Prosjektet vert gjennomført som eit større vedlikehaldsprosjekt.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å fastsette endeleg kostnadsoverslag og finansieringsplan, då basert på vedteken reguleringsplan. Tiltaket vert finansiert ved tildelte skjønnsmidlar frå KMD (til oppattbygginga), samt ved uttak frå fylkeskommunen sitt eige skadefond for uføresette hendingar på fylkesveg. Den endelege fordelinga mellom desse to postane vil avhenge av tiltaket sin endelege kostnad.

SAK 25/18 Rullering av Regional plan for verdiskaping.

VEDTAK:

Fylkestinget vedtek dokumentet «Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane. Vurdering av arbeidet så langt. Justeringar for 4-årsperioden 2018-2021» som grunnlag for vidare arbeid med å gjennomføre verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2014-2025.

SAK 26/18 Regional plan for klimaomstilling - endeleg vedtak

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert vedteken slik den ligg føre.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget merkar seg at Stortinget i handsaminga av Avfallsmeldinga tek til orde for auka bruk av biogass til transport. Med E39 som går gjennom dei største landbrukskommunane i fylket, og ma. Tine sitt meieri på Breim med stort transportbehov, ligg det naturleg til rette for å utvikle eit samarbeid rundt biogass. Fylkestinget ber om at det vert teke inn i handlingsplanen å arbeide med ein biostrategi der desse naturgjevne tilhøva vert vurdert utnytta til å skape ei kompetanseklunge og eit biogassanlegg basert på husdyrgjødsel og anna organisk avfall.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg som tillegg i Regional plan for klimaomstilling, punkt 3.5:

I tillegg til å begrense utslepp av gummigranulat frå eksisterande kunstgrasbaner ber fylkestinget at det blir gjennomført eit arbeid for å utgreie andre alternativ til gummigranulat under etableringa av nye kunstgrasbaner i framtida.

Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å greie ut etablering av eit *Investeringsfond for Klimaomstilling* og legge fram sak om dette i samband med komande budsjettetahandsaming.

Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

Økonomisk ramme for Klimaomstillingsplanen i 2018 vert auka med 1,2 mill for å gje oppstartløyving til nasjonalt klimatilpassingssenter i Sogndal, tiltak 2 i handlingsplanen.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesutvalet, og framlegget frå Kristeleg Folkeparti, vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet fekk 12 røyster, og vart dermed forkasta.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster, og vart dermed forkasta.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne vart samrøystes vedteke.

Fylkestinget fann samrøystes Trude Brosvik inhabil ved handsaminga av framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei

Grøne om oppstartsmidler til klimatilpasningssenter knytta til Vestlandsforskning, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert vedteken med slike tillegg:

- Fylkestinget merkar seg at Stortinget i handsaminga av Avfallsmeldinga tek til orde for auka bruk av biogass til transport. Med E39 som går gjennom dei største landbrukskommunane i fylket, og m.a. Tine sitt meieri på Breim med stort transportbehov, ligg det naturleg til rette for å utvikle eit samarbeid rundt biogass. Fylkestinget ber om at det vert teke inn i handlingsplanen å arbeide med ein biostrategi der desse naturgjevne tilhøva vert vurdert utnytta til å skape ei kompetanseklunge og eit biogassanlegg basert på husdyrgjødsel og anna organisk avfall.
 - Økonomisk ramme for Klimaomstillingsplanen i 2018 vert auka med 1,2 mill for å gje oppstartløyving til nasjonalt klimatilpassingssenter i Sogndal, tiltak 2 i handlingsplanen.
-

SAK 27/18 Regional strategisk plan for kysten 2018-2029

VEDTAK:

1. Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 vert vedteken slik den ligg føre.
 2. Kommunane sin del av dei ubrukte midlane til planarbeidet står på konto i fylkeskommunen til kystrådet er etablert. Midlane vert då overført rådet.
-

SAK 28/18 Strategisk utviklingsplan for Vestland fylkeskommune - oppstart av førebuande arbeid for regional planstrategi

VEDTAK:

Fylkestinget gir fellesnemnda fullmakt til å starte opp førebuande arbeid med regional planstrategi for den nye fylkeskommunen slik det er skissert i saksframlegget.

SAK 29/18 Regional planstrategi - konsekvensar som følgje av oppstart av førebuande arbeid om regional planstrategi for Vestland fylkeskommune

VEDTAK:

1. Arbeidet med revisjon av Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter vert starta opp hausten 2018. Oppstart av arbeidet med ein ev. Regional plan for arealbruk vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.

2. Arbeidet med revisjon av ein ev. Regional plan for folkehelse vert utsett til nytt fylkesting er konstituert.
-

SAK 30/18 Tertiarrapport 1/2018

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert redusert med 0,800 mill. kr.
- 2 Rammetilskotet vert auka med 0,800 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 11,000 mill. kr.
- 4 Regionale utviklingsmidlar vert redusert med 0,180 mill. kr.
- 5 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,112 mill. kr.
- 6 Bruk av disposisjonsfond vert auka med 27,500 mill. kr.
- 7 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved bruk av bufferfond med 1,650 mill. kr.
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 8,680 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 5,680 mill. kr.

Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr.

Teneste 7154 Klima vert auka med 2,000 mill. kr.

- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 0,862 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.

Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.

Teneste 5153 Elev, lærling- og mobbeombod vert auka med 0,250 mill. kr.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,500 mill. kr.

Teneste 5202 Gjesteelever vert redusert med 0,700 mill. kr.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 2,600 mill. kr.

Teneste 5540 Fagskulen vert redusert med 1,112 mill. kr.

Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 1,100 mill. kr.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 9,200 mill. kr.

Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 1,700 mill. kr.

- 10 Sektorbudsjettet til næring og kultur, teneste 7019 Andre næringsområde, vert redusert med 0,180 mill. kr

- 11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 30,220 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 34,820 mill. kr.

Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert redusert med 14,300 mill. kr.

Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 7,200 mill. kr.

Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 4,100 mill. kr.

Teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter vert auka med 5,000 mill. kr.

Teneste 7323 Båt – Diverse vert auka med 1,600 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhørende finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

Endringsframlegg:

Fylkestinget sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget set av ei ramme på 5 millionar i tertial til søknadene frå Sitep AS i Årdal. Søknadane må avklarast opp mot statsstøtteregelverket. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utbetale støtta etter desse avklaringane. Tilskotet vert finansiert frå bufferfondet.

Arbeidspartiet, Høgre, Venstre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Det vert løyvd 15,5 millionar kroner i investeringsstøtte til følgjande idrettsanlegg i tråd med innkomne søknader:

- Flora kommune - Storhall Vest i Flora: 10,0 mill kr
- Fjaler kommune - Skytebane i Fjalerhallen: 1,5 mill kr
- Stryn Turn og Idrettslag - Ulike hallanlegg i Arena Stryn: 4 mill kr

Bufferfondet vert redusert tilsvarende med 15,5 mill kr.

Fylkesutvalet får mynde til å fastsette vilkår for utbetaling av tilskota, herunder krav om fullfinansiering og godkjende planar for anlegget.

Arbeidspartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Det vert løyvd 1,2 mill til oppstart av nasjonalt klimatilpassingssenter knytt til Vestlandsforsking (ref. søknad 21.10.17). Løyvinga vert dekka av bufferfondet.

Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget syner til hovudutval for næring og kultur, og fylkesutvalet si handsaming av sak 33/2018, der hovudutvalet ber om at det vert oppretta ein post i budsjettet til næring og kultur til «tilskot til større idrettsanlegg». Fylkestinget er samd i at dersom fylkeskommunen skal gi slik støtte utover spelemiddelordninga, så må det etablerast ei ordning for å sikre likehandsaming av kommunar og/eller andre aktørar. Fylkestinget ber administrasjonen vurdere ei slik ordning i arbeidet med budsjettet for 2019.

Arbeidspartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Det vert løyvd 0,5 millionar kroner i investeringsstøtte til Sogndal Fotball – 3 klatreanlegg i Sognehallen.

Bufferfondet vert redusert tilsvarende med 0,5 mill kr

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samråystes vedteken.

Framlegget frå fylkestinget vart samråystes vedteke.

Arbeidspartiet, Høgre, Venstre og Framstegspartiet sitt framlegg om støtte til idrettsanlegg fekk 18 røyster og vart vedteke.

Arbeidspartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne sitt framlegg til om løyving til klimatilpassingssenter vart samråystes vedteke.

Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne sitt framlegg fekk 13 røyster og vart dermed forkasta.

Arbeidspartiet sitt framlegg om løyving til Sogndal Fotball fekk 18 røyster, og vart vedteke.

Fylkestinget fann samråystes Trude Brosvik inhabil ved handsaminga av framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne om oppstartsmidlar til klimatilpasningssenter knytta til Vestlandsforskning, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 1.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkestinget set av ei ramme på 5 millionar i tertial til søknadene frå Sitep AS i Årdal. Søknadane må avklarast opp mot statsstøtteregelverket. Fylkesrådmann får fullmakt til å utbetale støtta etter desse avklaringane. Tilskotet vert finansiert frå bufferfondet.

Det vert løyvd 15,5 millionar kroner i investeringsstøtte til følgjande idrettsanlegg i tråd med innkomne søknader:

- Flora kommune - Storhall Vest i Flora: 10,0 mill. kr
- Fjaler kommune - Skytebane i Fjalerhallen: 1,5 mill. kr
- Stryn Turn og Idrettslag - Ulike hallanlegg i Arena Stryn: 4 mill. kr

Bufferfondet vert redusert tilsvarende med 15,5 mill. kr. Fylkesutvalet får mynde til å fastsette vilkår for utbetaling av tilskota, herunder krav om fullfinansiering og godkjende planar for anlegget.

Det vert løyvd 0,5 millionar kroner i investeringsstøtte til -Sogndal Fotball – 3 klatreanlegg i Sognehallen. Bufferfondet vert redusert tilsvarende med 0,5 mill. kr

Det vert løyvd 1,2 mill. kr til oppstart av nasjonalt klimatilpassingssenter knytt til Vestlandsforskning (ref. søknad 21.10.17). Løyvinga vert dekka av bufferfondet.

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert redusert med 0,800 mill. kr.
- 2 Rammetilskotet vert auka med 0,800 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 11,000 mill. kr.
- 4 Regionale utviklingsmidlar vert redusert med 0,180 mill. kr.
- 5 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,112 mill. kr.
- 6 Bruk av disposisjonsfond vert auka med 27,500 mill. kr.
- 7 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved bruk av bufferfond med 23,850 mill. kr.
- 8 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 8,680 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 5,680 mill. kr.

Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr.

Teneste 7154 Klima vert auka med 3,200 mill. kr.

- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 0,862 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.

Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr.

Teneste 5153 Elev, lærling- og mobbeombod vert auka med 0,250 mill. kr.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,500 mill. kr.

Teneste 5202 Gjesteelever vert redusert med 0,700 mill. kr.

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 2,600 mill. kr.

Teneste 5540 Fagskulen vert redusert med 1,112 mill. kr.

Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 1,100 mill. kr.

Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 9,200 mill. kr.

Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 1,700 mill. kr.

10 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 20,820 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7019 Andre næringsområde vert redusert med 0,180 mill. kr.

Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 5,000 mill. kr.

Teneste 7750 Idrett vert auka med 16,000 mill. kr.

11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 30,220 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 34,820 mill. kr.

Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert redusert med 14,300 mill. kr.

Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 7,200 mill. kr.

Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 4,100 mill. kr.

Teneste 7322 Båt – ekspress- og lokalruter vert auka med 5,000 mill. kr.

Teneste 7323 Båt – Diverse vert auka med 1,600 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

SAK 31/18 Økonomiplan 2019-2022

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2019-2022 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling.
2. Dette gjev følgjande rammer for fellesinntekter og -utgifter:

	2019	2020	2021	2022
Skatt på inntekt og formue	-637,200	-634,200	-631,200	-628,200
Statleg rammetilskot	-1673,338	-1599,263	-1601,385	-1621,585
Regionale utviklingmidlar (KMD-midlar)	-53,920	-53,920	-53,920	-53,920
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000
Fylkeskommunal næringsverksemd	-50,000	-50,000	-50,000	-50,000
Kapitalinntekter/-utgifter - netto	120,931	135,334	157,314	188,814
Bruk/avsetting til fond	-17,924	-29,344	-52,857	-66,502
Ufordelte fellespostar - pensjon	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2321,451	-2241,393	-2242,048	-2241,393

3. Dette gjev følgjande sektorrammer:

	2019	2020	2021	2022
Politisk styring, plan og forvaltning	184,612	174,743	175,398	174,743
Opplæring	857,479	853,896	853,896	853,896
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Nærings- og kultur	143,491	143,491	143,491	143,491
Samferdsle	1054,234	987,628	987,628	987,628
Sum sektorrammer	2321,451	2241,393	2242,048	2241,393

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

4. Økonomiplanen 2019-2022 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2018/økonomiplan 2018-21. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
 5. Samla investeringsrammer for økonomiplan 2019-2022 er førebels fastsett slik:
2019: 1155,3 mill. kr,
2020: 1504,2 mill. kr,
2021: 1837,2 mill. kr,
2022: 1157,0 mill. kr.
-

SAK 32/18 Uttale om fortsatt operativ eining ved Konfliktrådet i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane krev at den operative eininga knytt til Konfliktrådet i Sogn og Fjordane vert ført vidare som i dag, med kontor i Førde.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 12. og 13. juni 2018 på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde kommune, var slutt kl. 15.50.